



Tenketank med næringslivet

Innspel til ny samfunnsdel – mars 2021



ALVER
KOMMUNE



Innhold

Innleiing	3
Tenketank 1	5
Oppsummering.....	10
Tenketank 2:	11
Oppsummering.....	16

Innleiing

Dette heftet inneheld innspel frå tenketanken til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Tenketanken bestod av representantar frå:

- PSW
- CCB
- Equinor
- Radøygruppen
- Valskog
- Asset Byout Partners
- Motitech
- Nordhordland utviklingsselskap IKS
- Sparebanken vest (SPV)
- Reigstad Bygg og Eigedom AS
- Knarvik senterforening
- NagellD AS
- Atea
- Nordhordland næringspark AS
- Framo

Fleire blei invitert til å delta, men hadde ikkje moglegheit til å stille på møta.

Frå kommunen deltok ordførar, nærings sjefen, hovudprosjektleder frå sektor samfunnsutvikling og prosjektleder for samfunnsdelen. Frå Utval for Næring og drift deltok utvalsledar Stian Lavik og nestledar Mabel Johansen.

Sentrale spørsmål i møta var:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

Innspela er samla i denne rapporten og blir sendt til formannskapet, som er politisk styringsgruppe for arbeidet med samfunnsdelen. I tillegg vil rapporten bli tilgjengeleg for dei andre råda og utvala i kommunen, kommunen som organisasjon og kommunen sine innbyggjarar.



Metode

Vi valte å dele det opprinnelige 2-timers møtet opp i to for å gjennomføre eit effektivt møte med færre deltakarar. Møta blei gjennomført på Teams.

- Det fyrste møtet 17. mars **kl. 14.00 – 15.00**
- Det andre møtet 17. mars **kl. 15.15 – 16.15**

Alle deltakarane fekk **3 minutter** til å leggje frem sine innspel.

Oppgåve

I forkant av møte blei alle deltakarane bedd om å førebu følgjande spørsmål:

Sett frå din ståstad:

4. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
5. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
6. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

Program:

- Ordfører Sara Sekkingstad opna møta
- Kort informasjon om arbeidet med kommunelane sin samfunnsdel, ved Line Thuen Waage, prosjektleiar for samfunnsdelen
- Kort presentasjon av Scenarioanalysen for Nordhordland ved Baste Tveito, daglig leiar i Nordhordland Næringslag
- Innspel frå møtedeltakarane
- Debatt på grunnlag av scenarioanalysen og innspel under møte ved Børge Brundtland, daglig leiar i Industriutvikling Vest
- Oppsummering ved Stian Lavik, leiar for politisk utval for næringsutvikling og drift

Tenketank 1

Sett fra ditt ståsted:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

Innspel frå deltakarane

PSW:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Det grønne skiftet
 - Sikre oss rett kompetanse
 - Gjere det attraktivt for folk å bu i kommunen eller regionen:
 - Bustader og gode buforhold: særleg gjere det attraktivt for nyetablerarar og nyutdanna
 - Skular og barnehager
 - Fritidstilbod til barn og unge
 - Infrastruktur: vei, vatn og avløp
 - Utbedra veg til Bergen
 - Gang og sykkelveg frå Lindås til Mongstad
 - Senteret på Lindås: Ønskjer at det blir meir utvikla enn det er i dag
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
 - Skaffe næringslivet innbyggjarar med rett kompetanse. Utfordrande å få tak i gode mekanikarar t.d
 - Klarer vi å marknadsføre regionen vår som ein industri-region? Med masse arbeidsplassar? Kjem dette ut til folk?
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?
 - Gode ordningar for dei som skal flytte hit. Særleg gjere det attraktivt for nyetablerarar og nyutdanna
 - Kommunen må heie på næringslivet
 - Regulere område til næringsutvikling slik at det er klart for verksemder å etablere seg – når dei er klare!
 - Sikre industriutvikling og moglegheit for vekst



CCB Mongstad:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Vi driv med logistikktenester, men innanfor eit begrensa område. Dette gir oss utfordringar, men og moglegheiter. Petroleumsvirksemd er ekstemt ressurskrevjande.
 - Stor endringstakt i samfunnet. Mindre risikovillighet – horisonten for nedbetaling blir kortare og kortare.
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
 - Kluster! Denne regionen bør ta ein posisjon innan ein kluster. Klusterposisjon - viktig med den type rolle. Dette kan byggje opp eit heilt miljø. Kva er moglegheitene her?
 - Kompetanse – ekstermt viktig, og at vi har areaner kor vi får tak i denne kompetansen
 - Infrastruktur: tilførsel av personell. Tilrettelegging for nye bustader.
 - For dårleg kollektivtilbod
 - Greenspot Mongstad – veldig bra!
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?
 - Tilrettelegging
 - Gjennomføringskraft. Enten det er byggjesak eller beslutningstaking. Dette er viktig. Vere ein ja-kommune.
 - Nettverk/fora for bedriftene
 - Kommunen må opplyse godt om ulike søknadsprosesser opp mot næringslivet

Equinor:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Vi er ein hjørnesteinsbedrift i området, og omstiller oss frå oljeselskap til energiselskap. Vi må vere attraktiv for å sikre kompetanse.
 - Bedriftene i område bør vere i symbiose. Vi må bygge kvarandre sterke. Dette kan vi bli betre på
 - Skule og utdanning – lab-fag, for lav attraktivitet til å søkje seg inn. Vi er heilt avhengig av denne kompetansen
 - At ansatte vil busette seg i regionen, er viktig. Småbarnsforeldre som skal busette seg her treng ulike tenester: Skule, barnehagetilbod, kollektivtilbod, også godt nok kollektivtilbod på fritida
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?



- Grøne skiftet
 - Green spot mongstad er bra
 - Kompetanse
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?
- Samhandle på ein konstruktiv måte
 - Viktig at næringslivet har støtte frå kommunen

Radøy-gruppen:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
- Pendling til Bergen
 - Låg utdanning, men gode lønningar i Alver
 - Det grønne skiftet: er meir kapitalkrevjande, har mindre marginer, krev serieproduksjon
 - Vi er ikkje så unike i Nordhordland, men vi må finne vår identitet
 - Internasjonal konkurranse
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
- Kompetanse, nye forretningsmodeller
 - Greenspot mongstad
 - Samarbeid
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?
- Kommunen må vere næringsvillig og framsnakke næringane
 - Byråkratiet – rask sakshandsaming
 - Planane som blir laga må ikkje berre vere langsiktige, men og kortsiktige
 - Alver kommune må vere ein ja-kommune

Valskog:

1. Hva mener du er de største utfordringene for næringslivet i regionen de neste årene?
- Mange av vegane i Alver er ikkje egna for transport av tømmer.
 - Det viktigaste for skognæringa er å få opp lovleg vogntoglengde til 19,5 meter

- Blir i dag og nekta for manglande møteplassar. Skogeigar sit ofte igjen med lite pengar etter hogst. Skog binder CO2.
- Alver kommune har mykje skog, mange små og store skogeigarar

- I Nordhordland er det i dag to driftslag med store skogsmaskiner, i tillegg er det nokre som driv med traktor og motorsag. Når plantingane frå 60 og 70 talet vert hogstmodne er det grunnlag for å auke dette talet.
- 2018 blei det planta mykje ny skog. Dette bør vi mangedoble
- Vikig med god landsbruksavdeling i Alver kommune
- Kommunen kan vere med på å redde klimaet ved å styrke skogetaten i kommunen for å auke plantinga vesentleg

Asset Byout Partners:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Industrien står ovenfor store utfordringar - eit generasjonsskifte står foran oss. Vi må tiltrekke oss ny arbeidskraft – ønskjer nytenkning knytt til å tiltrekke seg unge menneske
 - Knarvik senter – må styrkast, bli meir attraktiv for folk

2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
 - Vi ønskjer ein kommune og eit samfunn som stimulerer til næringsretta utdanningsløp – for å imøtekome behovet i næringslivet
 - Utbygging av infrastuktur – kollektivtilbodet er for dårleg til dømes
 - Grøn omstilling: Mykje bra gjerast gjennom Green spot Mongstad.

3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?
 - Korleis kan vi tenkje på tvers av selskapene våre? Finnst der moglegheiter til å tenkje på tvers – kan kommunen bidra til å til rette legge/fasilitere dette?

Motitech:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?



- Byråkratiet – mange gode idear blir stoppa av byråkraftiet (t.d Statens vegvesen)
- Motivasjon: ikkje alltid dei med størst kapital som har dei beste ideane
- Korleis skal vi få folk til å bu i Alver?

2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?

- Ambisjon – kan vi ha ein felles ambisjon? Gjere oss attraktive for ny arbeidskraft. Alver kommune – er ein kommune vi kan realisere ideane våre!
- Næringsforum
- Kartlegge (broadt) omfanget av kor mange gode initiativ som ikkje har blitt realisert, på grunn av til dømes byråkratiske prosessar

3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

- Alver kommune må vere ein katalysator – ein JA-kommune, ein døropnar
- Rask sakshandsaming
- Digitale møteplassar?

Eide Fjordbruk:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?

- Tilgang til areal, både land, sjø og overgangen land-sjø
- Omstilling - i framtida vil vi ha lukka anlegg i sjø (mogleigheit)
- Kraft og krafttilgang

2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?

- Matproduksjon i sjø. Store moglegh her
- Samarbeide med andre bransjer i utviklinga av ny teknologi innan sirkulær økonomi, til dømes utnytting av slam.

3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

- Må ikkje berre henge seg opp i no-situasjon. Innan akvakultur skjer det mykje innan teknologi. Framtidas akvakultur er teknologisk og arealkrevjande. Det vil bli mindre konflikter etter kvart
- Nettverk: Kommunen kan bidra til å kople ulike næringar, kompetanseutvikling på tvers av næringar



Debatt

Spørsmål: Samarbeider vi godt nok? Kva er utviklinga her?

Svar:

- Det kan alltid bli betre!
- Næringslaget har vore den arenaen toppleiarane og mellomleiarar frå bedrifter møtast fleire ganger i året
- Kan vi bruke næringslaget som areana – kan vi nå langt!

Spørsmål: Omstilling og endring. Er vi rigget for grøn omstilling og ny forretningsutvikling i vår region?

Svar:

- Veldig mange ønskjer å vere det. Om vi er der? Usikkert.
- Kanskje vi famler litt?
- Manglar areaner for å få til eit samarbeid. Saman kan vi bli betre – om vi tør å samandle og dele

Oppsummering

Stian Lavik, leiar utval for næringsutvikling

- Mykje god samhandling
- Komtanse blir trukket fram som eit vesentleg momoent når vi står
- Tilgang på kraft – særleg knytt til Fensfjorden
- Øko-system rundt bedrifra. Det må vere godt å bu i kommunen og
- Styrke samarbeidet
- Byråkratiet må utviklast og – kan vere krevande
- Konkret oppfordring – utbetre vegane våre knytt til skogbruk
- Behov for å marknadsføre oss som industri-region
- Arealbruk
- Mange gode innspel her!

Tenketank 2:

Sett fra ditt ståsted:

Sparebanken Vest (SPV):

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Det grønne skiftet er ein stor utfordring – men og ein stor moglegheit for regionen, mange av bedriftene er opptatt av dette.
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
 - Få til gode samarbeidsmodeller. Spesielt knytt til eksport
 - Korleis kan banken bidra her?
 - Samarbeid: Tenke region – her i Nh-hordland, men og på tvers av ulike regioner
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?
 - Kva rolle kan Agenda Vestland ha?
 - Tilrettelegge for nyskaping
 - Tenke på regionen som ein heilskap
 - Gi aktørar forutsigbarheit – dette vil gi ein heilt anna investeringstakt

Reigstad bygg:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Låg befolkningsvekst
 - Manglande kompetansearbeidsplassar
 - Handelslekasje til Åsane
 - Vi treng ikkje berre arbeidstakarar – men og innbyggjarar
 - Behalde/ta vare på dei innbyggjarande vi har
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
 - Få folk til å flytte hit (og hindre fråflytting)
 - Gjere oss meir attraktiv enn konkurrentane
 - Vi må vere sjølberga knytt til handel og aktivitet



Eit konkret tiltak: Svømmehall/badeland: bygge en sentral møteplass for populær(e) aktivitet(ar) som vil løfte og styrke hele regionen.

- Må kunne utvidast etter økonomi og behov: Bowling, bibliotek, kulturscene/teater/kino, fritidsklubb både for barn/ungdom, vaksne og eldre, treningsfasiliteter, fysioterapi, restauranter/kafe/handel/bustader, leikeland og Bobilparkering. Bør huse NAV og Resepsjon/kundemottak for kommunen
- Svømmeopplæring/opptrening/terapi/folkehelse/felles møteplass for alle aldrar/Kvardagsunderholdning. Regnversdagsaktivitet (365-21=344)
- Rimeleg parkering under bakken, gangavstand til Knarvik senter, rådhus, kyrkje, skulane, idrettsanlegg, samt ny skysstasjon.
- Eit positiv signal/spiral, vi satsar på framtida, vi vil gjere det attraktivt å flytte til kommunen, bygge ny handel og attraktive arbeidsplassar.
- Med lokalisering i Knarvik – for å styrke eit robust kommune- og regionsenter.
- Gjer det også mykje meir attraktiv og å bu utanfor Knarvik.

3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

- Kommunen må vere aktiv, samarbeide med næringslivet
- Næringslivet må vere med å bidra økonomisk til svømmehall, eventuelt også bygge/drifte tilleggstilbod (restauranter/kafe/handel/bustader, leikeland og Bobilparkering)

Knarvik senterforening:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?

- Bustader - for ungdom sentralt i Knarvik
- Mange eldre som flytter til Knarvik – det kan vere ein utfordring
- Forutsigbarheit – for dei som skal investering. Mange planar – dette har satt brems på dette (tunge rekkjefølgjekrav)
- Ny kommune – som ikkje har satt seg heilt enda. Korona. Vi treng å samle kommunen, vi treng å kome vidare med storkommunen
- Parkering i Knarvik – mange innbyggjarar bur perifert og er avhengig av bil og parkeringsmoglegheit
- «Vi må bli tøffere i trynet i Nordhordland». Alver kommune må frem i bildet. Dette må vi gå saman om. Satse på området vårt
- Vi har behov for svømmeanlegg etc



2. Hvilke prioriteringer må vi gjøre for å møte disse utfordringene?
 - Vi treng stor kapital – som tar tak i Knarvik. Denne kapitalen finnes ikke i vårt område nå
3. Hvilken rolle skal Alver kommune og det offentlige ha i dette arbeidet?
 - Kommunen har en sentral rolle her
 - Vi må bli mer attraktiv enn kommunene rundt Bergen

NagellD AS:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Vi treng forbilde for kontorbygg – som fremjer digital visualisering.
 - Vi fekk nyleg 100 søkjarar til 3 stillingar – ikkje ein søker frå Nordhordland
 - Rekruttering er eit problem for oss – produksjonsavdelinga er flytta til Bergen. Unge folk vil ikkje bu i Nordhordland, men heller i Bergen på grunn av nærleik til ulike attraktive tilbod
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
 - Vi treng attraktive tilbod på fritida i Alver – for at unge vaksne skal flytte hit
3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?
 - Kommunen må ha ein sentral rolle
 - Skape møteplassar mellom kommunen, politikarar, næringslivet - slik som denne Tenketanken
 - Store planar er bra – men kva kan vi gjere i det små? Klarar vi å få til ein møteplass i Knarvik?
 - Leigemarknaden i Knarvik er ikkje for ungdommane, dei må lengre ut i kommunen. Det må bli lettere for dei unge å leige i Knarvik/sentrale strom, elles drar dei til Bergen

ATEA:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?



- Å tilrekke oss arbeidskraft og innbyggjarar
- Bra at vi har eit så klart bildet av no-situasjonen i regionen (scenario-analysen)
- Vi er for oljeavhengig i Nordhordland. Kan dette vere bra for oss? For no må vi gjere noko!
- Må få nok kraft til Nordhordland
- Ungdomane med utdanning frå regionen jobbar i Bergen

2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?

- Vi må vere meir offensive
- Equinor må med på laget
- Næringslivet må bidra til å få store bedrifter til regionen, særleg grøn industri – dette er ikkje først og fremst kommunen sin oppgåve
- Vi må ha fleire store selskap – og færre små
- Behov for fleire kontorbygg/kontorfellesskap (som Dampen)
- Bygg ungdomsbustader – ikkje fleire leiligheiter i Knarvik (det er ikkje attraktivt for dei unge), og det er for dyrt å bu i Knarvik!

3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

- Kommunen må leggje til rette, bruke kort tid på sakshandsaming
- Gjere kommunen attraktivt for folk
- Folk skal ikke berre jobbe her – men leve gode liv her og
- Vi må byggje eit robust kommunesenter i Knarvik
- Høgskule til regionen vår – om vi i framtida skal drive med forskning

Nordhordland næringspark:

1. Kva meiner du er dei største utfordringane for næringslivet i regionen dei neste åra?
 - Infrastruktur:
 - Veg (Kjøyretid til Bergen)
 - Straum
2. Kva prioriteringar må vi gjere for å møte desse utfordringane?
 - Ha ferdig-regulerte område til næringsutvikling

3. Kva rolle skal Alver kommune og det offentlege ha i dette arbeidet?

- Kommunen må vere ja-kommune
- Rask sakshandsaming

Debatt

Spørsmål: Kva må vi gjere for å bli meir attraktive?

Svar:

- Kjøyretid frå Torgallmenningen
- Kunnskap: Kanskje vi skulle spurt eit utval av lokale ungdomar som ikkje bur her lenge – kva skal til for at dei flytter ut hit?

Spørsmål : Omstilling og endring – er vi rigget for grøn omsitlling og nye forretningsmodeller?

Svar:

- Trur vi er rigga for dette i Nordhordland
- Vi må passe på at vi har gjennomføringskraft. Vi mangler ikkje kompetanse og analyser – men vi treng gjennomføringskraft

Spørsmål: Omstilling krev kapital – kva skal til?

Svar:

- SPV: Finnst mange midler ein kan søkje på. Men det er mange bedrifter som synst systemet er vanskeleg
- Bankene står i kø for å finansiere gode prosjekt og vil bidra til det grønne skiftet

Spørsmål: Kva rolle får handelsnæringa i framtida?

- Netthandelen har kome for å bli
- Vi kjem til å ha butikkar i framtida og
- Folk ønskjer framleis å møtast
- Bekymring: dei lokale grunderene forsvinn gjerne
- Vi treng storkapital som satser på Knarvik

Oppsummering

Stian Lavik, leiar utval for næringsutvikling

- Mykje god samhandling
- Kompetanse – behov for å rekruttere
- Tilgang på kraft
- Øko-system rundt bedrifra. Det må vere godt å bu i kommunen og, ikkje berre jobbe her
- Møteplassar
- Behov for å marknadsføre oss som region
- Rask sakshandsaming
- Forutsigbarheit – klare tomtar til næringsutvikling
- Behov for kartlegging: Kva skal til for at unge flytter heim igjen/flytter til Nordhordland?
- Gjennomføringskrav

Ikkje tilstades på møtet, men kom med skriftleg innspel i etterkant:

Framo:

- Kompetanse: Forsterke og vidareutvikle samarbeid med dei vidaregåande skulane i regionen. Industribedrifter treng dyktige fagarbeidarar. Viktig at utdanningsløp og innhald i utdanninga er tilpassa næringslivet sitt framtidige behov. Bedriftene har ein sentral rolle i det å ta til seg lærlingar og sikre praksisplassar. Læreplassgaranti kan vere eit konkurransefortrinn for regionen. Hvis ungdom utdanner seg i regionen, får læreplass og til slutt jobb vil ein begrense at ungdom reiser ut av regionen, men blir værande. Kan vi få til eit nasjonalt senter for yrkesfag?
- Infrastruktur: Vi er ein bedrift som har ansette frå alle randkommuner til Alver. Vi er avhengig av gode vegløyser og eit godt kollektivtilbod.
- Planar: Tilretteleggje for nytt næringsareal, men også ta ein aktiv rolle i å vidareutvikle eksisterande regulert areal.
- Næringslivet treng ein JA-kommune, som er godt kjent med næringslivet sine utfordringar, samt er villig til å kjempe sammen når det er nødvendg. Sakshandsaming i planprosessar må skje raskt, då næringslivet er eksponert for endringar som skjer raskt.